

Derrick AS  
Hønsedalen 22  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4888 - 21/50281

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
14.07.2021

## Registrert dårleg lokk til septiktank - gbnr. 104/55 Haukåsr

Alver kommune har den 25.05.2021 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning/kontroll av septiktanken dykkar den 16.04.2021, ble meldt om at toppen av tanken er øydelagt og at tømmemannskapet hadde problem med å få lokket på tanken på plass igjen (sjå vedlagte bilete). Adresse for anlegget er Fjellangersvingane 248, 5955 Lindås

Manglande eller usikra lokk over tanken er ein fare for menneske og dyr, som kan falle ned i kummen og verte sjuke. Tilstanden er utilfredsstillande og må bli utbetra omgåande.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til **30.06.2021**.

Tilbakemeldingsskjema for utført retting ligg vedlagt.

Skjema med bilete dokumentasjon skal snarast sendast til:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Bilde

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakrar:**

Derrick AS

Hønsedalen 22

5912 SEIM